

NYHENDEBREV NR 1/2017, 13. JANUAR 2017.**Høgskulen i Volda: Kompetanse for framtida****STRATEGIPROSESSEN: SVARFRIST I DAG - NETTSIDE MED HØYRINGSSVAR**

Høgskuledirektør Jacob Kjøde jr har sendt ut på høyring framlegget til ny strategiplan for Høgskulen i Volda for 2017-2020. Avdelingane, studentane og fagforeningane er blant dei inviterte til å kome med synspunkt. Høyringsfristen er alt i dag, 13. januar.

NB! Innspela vert samla på denne nettsida og det er altså ikkje nødvendig å sende innspela på e-post til "Alle-HVO" (nettsida krev innlogging):

<http://www.hivolda.no/innsida/fellesadministrasjonen/samfunnskontakt/strategiplan-2017-hoyring>

Høgskulestyret har møte torsdag 26. januar og sakspapira blir sende ut ca 1 veke før og blir tilgjengelege på nettsidene til høgskulestyret:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/hogskulestyret>

IVAR AASEN-HUSET, LETTBYGGET OG B-PAVILJONGEN SKAL PUSSAST OPP

Volda kommune eig Ivar Aasen-huset og har no bestemt at huset skal kraftig oppgraderast. I løpet av sommaren skal huset få eit heilt nytt utvendig skal i stål og glas ("Miljøskal") og det vil bli bygd i tre etasjar mot dagens to. Den nye etasjen blir i første omgang ikkje innreidd. I tillegg skal heile huset få heilt nytt ventilasjon-, lys og varmestyringssystem. Heile prosjektet er ein del av Volda kommunes EPC-prosjekt der over 30 hus i kommunen blir oppgraderte. Det er dei tilsette ved Avdeling for mediefag som har sine kontor i Ivar Aasen-huset, men Volda kommune opplyser at dei slepp å flytte ut av kontora - eller undervisningsroma - i byggetida. Ivar Aasen-huset var det første huset som vart bygd særskilt for å huse ein Distriktshøgskule og opna i 1972. Lettbygget og B-paviljongen skal også oppgraderast. Volda kommune og Driftskontoret på HVO vil halde informasjonsmøte for tilsette som held til i husa.

ANA LAWS HAR BLITT PUBLISERT PÅ KINESISK

Førsteamanuensis Ana Laws, AKF, si bok "Museum Websites and Social Media" (Berghahn, 2015) har no også kome ut på kinesisk. Det er Shanghai Education Publishers og Shanghai Vitskaps- og teknologimuseum som har gjeve ut boka i serien: Museum of Science Communication som ein av seks framstående utenlandske museologiske monografar.

Lenkje til engelsk utgåve: <http://www.berghahnbooks.com/title/SanchezLawsMuseum>

Omtale av boka på kinesisk (google oversetter gjerne!):

<http://www.kjgbbs.com/forum.php?mod=viewthread&tid=26093>

FYLKESRÅDMANNEN PÅ BESØK TIL HØGSKULEN

Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik besøker Høgskulen i Volda i dag, fredag 13. januar. Guttelvik får omvising på Kaarstad-huset, Avdeling for kulturfag og Avdeling for mediefag og etterpå møte med rektoratet og høgskuledirektøren.

MØTE OM HØGSKULEUTDANNING I KRISTIANSUND

Kunnskapsdepartementet har kalla inn Høgskulen i Volda til eit møte om høgskuleutdanning i Kristiansund. Høgskolen i Molde og NTNU er også kalla inn til møtet som blir halde i Oslo tysdag 17. januar i samband med at alle høgskular og universitet er innkalla til den årlege kontaktkonferansen som Kunnskapsdepartementet arrangerer. For Høgskulen i Volda deltek rektor og direktør. Konferansen vil handle mest om den komande kvalitetsmeldinga som blir lagt fram i februar.

TILDELINGSBREV FRÅ KUNNSKAPSDEPARTEMENTET: EFFEKTIVISERING OG AUKA INNTEKTSKRAV

Like før jul fekk Høgskulen i Volda tilsendt det årlege tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet der departementet formidlar kva dei forventar av sektoren og Høgskulen i Volda det komande året. To av dei viktigaste spørsmåla er nok at departementet ventar at høgskulen skal dokumentere korleis effektiviseringsarbeid har vorte gjort - og så forventar departementet at høgskulen skaffar seg større eksterne inntekter (BOA). Budsjettet for 2017 baud på ei ny stipendiatstilling til Høgskulen i Volda, slik at høgskulen no er oppe i 18 stipendiatstillingar - men to av dei er mellombelse og vil forsvinne ut av budsjettet om to år. Regjeringa har førebels ikkje fordelt midlar til oppbygging av dei nye femårige grunnskulelærarutdanningane. Avdelingane har fått tilsendt internt tildelingsbrev for 2017. Av brevet går det fram at Høgskulen i Volda har fått auka si samla løyving på ca 1,0 mill samanlikna med framlegget til statsbudsjett.

Du finn Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til Høgskule i Volda for 2017 her:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/styringsdokument>

INVESTERINGSMIDLAR FOR 2017

Det blir langt mindre pengar tilgjengeleg til investeringar i 2017 enn det har vore dei siste åra – først og fremst på grunn av at oppgraderinga av Kaarstad 1922 vart 4,3 millionar kroner dyrare enn rekna med. Overskridinga vert for det meste dekt inn i 2017 men noko må også takast i 2018. Styret vedtok eit investeringsbudsjettet på 11,1 millionar i desembermøtet og gav høgskuledirektøren fullmakt til å fordele midlane.

Her er oversyn over den interne budsjettfordelinga mellom avdelingane og administrasjonen på Høgskulen i Volda (krev innlogging):

<http://www.hivolda.no/innsida/fellesadministrasjonen/okonomiportal/okonomi--og-verksemdstyring/budsjettfordeling/budsjettfordeling-2017>

SEMINAR 1. FEBRUAR OM STYRINGSMODELL: VALD ELLER TILSETT REKTOR?

Høgskulestyret ønskjer å vurdere kva styringsmodell Høgskulen i Volda skal ha i framtida i samband med at høgskuledirektøren har varsla at han ønskjer å slutte i haust. Seminaret er ope for alle og blir halde i BK Store auditorium 1. februar.

Meir om seminaret finn du her:

<http://www.hivolda.no/kalender?&displayitem=809&module=communicator>

FLEIRE NYE FORSKINGSPROSJEKT

Avdeling for samfunnsfag og historie og Avdeling for mediefag fekk like før årsslutt gledelege meldingar om gjennomslag for til saman tre forskingsprosjekt. Prosjektet på Avdeling for samfunnsfag og historie er på oppdrag frå Helsedirektoratet og handlar om å evaluere eit folkehelseprosjekt. Prosjekta på Avdeling for mediefag handlar om å drive forskingsformidling i samarbeid med NMBU (Norges miljø- og biologiuниверситет) på Ås. Avdeling for mediefag har også fått eit prosjekt om digital formidling i samarbeid med blant andre Sunnmørsposten.

Omtale av prosjekta på våre nettsider:

Evaluerer for helsedirektoratet:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5787&module=news>

Prosjekt ved Avdeling for mediefag:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5784&module=news>

ENGELSK MEDIEMASTER: NOKUT-SVAR I FEBRUAR

Avdeling for mediefag og Avdeling for kulturfag samarbeider om ein ny master: Media practices, som skal bli Høgskulen i Voldas første engelskspråklege gradsgjevande utdanning. Dei første signala tyda på at NOKUTs vurdering kunne vere klar før jul, men no er det klart at først i februar vil komiteens arbeid vere ferdig.

NYBYGGET: "SIVERT" ER FORESLÅTT SOM ARBEIDSNAMN

Det nye mediehuset skal bli eit hus for fleire enn mediefaga, noko som ikkje går så godt fram av arbeidsnamnet "mediehuset". Rektor har foreslått prosjektnamnet "Sivert", som viser tilbake til folkeopplyningsmannen Sivert Aarflot. Han var omgangsskulelærer, søndagsskulelærer og lensmann og starta blant anna bibliotek-, avis- og trykkerii i Volda for 200 år sidan.

<http://www.allkunne.no/framside/biografiar/a/sivert-aarflot/112/83525/>

Det er sett ned ei styringsgruppe for prosjektet - den er leia av direktøren og har alle dekanane som medlemmer. AMF-dekan Audhild G. Rotevatn vil leie ei brukargruppe som blant anna skal kome med romplan.

SYMJEHALLEN, IDRETTSBYGGET OG VOLDA CAMPUS ARENA: MYKJE BLIR AVKLARA I FEBRUAR

Asplan Viak har vorte leigd inn av Høgskulen i Volda for å lage ei konsekvensutgreiing av dei mange planane for utvikling av høgskuleområdet: Nytt mediehus, Volda Campus Arena og Voldatunnellen. Konsekvensutgreiinga og Statsbygg si vurdering av den tekniske tilstanden av symjehallen og idrettsbygget vil bli sett i samanheng med kvarandre og vil bli drøfta med aktuelle aktørar i løpet av februar og vil også bli lagt fram for styret.

HVO OG HVO-TILSETTE I MEDIA

Bjørn Haugstad vil ikkje bruke pisk på Volda, Molde eller Østfold (På Høyden 13. januar 2017):

<http://pahoyden.no/2017/01/erna-gir-toppkarakter-til-torbjorn-far-stryk-av-liv-signe>

[Ønsker nasjonal kulturkanon, men ikke i skolen](#) 2017-01-08 Vårt Land

[Roppen forsvarer mastergraden](#) 2017-01-07 Vikebladet.no

[Øyvind Johan Heggstad slutter i NRK for å lage gravejournalistikk i gratisavisen Nytt i Uka](#) 2017-01-06 Journalisten.no

[Kulturkanon er ikke til skolebruk](#) 2017-01-06 Vårt Land

[Rebecca Shirin Jafari på leiting](#) 2017-01-06 Vårt Land

[Film skal gi innspill til ny livssynspolitik](#) 2017-01-05 Vårt Land

[Brukte PR-studenter i utviklingen av mCASH-kampanje](#) 2017-01-04 Kreativt Forum

[Mcash fikk reklame-hjelp fra PR-elever](#) 2017-01-04 Kampanje

[Savner troverdige prester i nordisk film](#) 2017-01-03 Vårt Land

03/01 13:47, Vårt Land [Savner troverdige prester i nordisk film](#) Filmforsker og teolog er dypt forundret over at nordiske filmskaperes fremstilling av prester ofte er så fjern fra virkelighetens prester.

25/12 09:02, Vikebladet.no [Frå Kenya til julefeiring og konsum](#) Foreldra til Gjertrud Emdal Rønning (21) frå Hareid, stod med flagg i hendene på Vigra, då dottera gjekk av flyet 9. desember.

23/12 20:29, MSN Norge [Kjemikerens beste tips for sprø svor](#) Juleribba byr på følgende store utfordring:

Andre presseklipp der Høgskulen i Volda eller tilsette ved Høgskulen er omtala:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende/presseklipp>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

Dei siste innlegga handlar om opning av Høgskulen på Vestlandet, høgskuleplanar i Kristiansund og om strategiarbeidet.

KVA SKJER I 2017:

- 1. feb.: [*Seminar om styringsmodell*](#)
- 7. feb.: [*HMS-dag 2017*](#)
- 8. feb.: [*Internasjonal dag 2017*](#)
- 15. feb.: [*Seminar: Likestilling og karrierebygging i akademisk*](#)
- 20. juni: [*Fjordkonferansen 2017*](#)
- 15. aug.: [*Studiestart hausten 2017*](#)
- 22. sep.: [*Forskningsdagane 2017: "Verdiar"*](#)